



■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2016/3605

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 13.12.2016	Fylkeshuset, møterom 102

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Louise Frostad Liaset	X	Folkert Seetzen	
Guro Flem Ulla	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy		Grete Gussiås	X
Anthony N. Valen		Morten Larsen	X
Are Kristofer Hjeltnes		Bjørn Eggen	
Tone Nord			

Andre:
Rådgivar Tove Istad, NAV arbeidslivssenter
HMS-rådgiver Silvia Stranden, Stamina Helse
Rådgivar Ingrid Walstad Larsen
Rådgivar Eirik Jenssen, juridisk avdeling (sak 19/16)
Rådgivar Claus Reiners, BYVE (sak 21/16)

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 28 02 03	31.3.2017

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

Saksliste

17/2016	Sjukefråversutvikling 2. og 3. kvartal 2016 Morten Larsen orienterte. Fråverstala for 2. og 3. kvartal, brote ned på fråversintervall og distriktsnivå, vart gjennomgått. Sjukefråveret har auka samanlikna med tal for same kvartal dei fem føregåande åra. Det er store regionale variasjonar. Molde KR og Kristiansund KR har høgare fråver enn andre kompetanseregionar. Klinikane frå gamle NSSR inngår no i tala for Ålesund KR og Molde KR. Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om sjukefråversutviklinga 2. og 3. kvartal 2016 til orientering.
18/2016	Prosjektskisse til vidare arbeid med sjukefråversreduksjon Ingrid Walstad Larsen presenterte prosjektskissa. Sjukefråveret har hatt stor auke sidan 2014. Ein systematisk, kvalitativ og kvantitativ tilnærming trengs som grunnlag for å sette i verk tiltak. Kva kan vi lære av dei klinikane som lukkast? Kva kan gjerast på klinikknivå, og kva kan gjerast i heile organisasjonen? Kartlegging av statistikk og samansetning av ulike variablar som klinikkstorleik, profesjon, alder, lengde, hyppigheit blir lagt fram på første møte i 2017. Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjon om prosjektskisse til vidare arbeid med sjukefråversreduksjon orientering.

19/2016	<p>Orientering - rammeverk for beredskap og krisehandtering Eirik Jenssen orienterte. Det er no utarbeida eit felles rammeverk som skal omfatte alle einingane i fylkeskommunen. Målet er å legge grunnlag for ei effektiv og god krisehandtering i fylkeskommunen. Sentral beredskapsplan er leiingas verktøy for krisehandtering, samt at den gir føringar for lokale beredskapsplaner i dei fylkeskommunale einingane. Ein administrativ del viser bakgrunn og forankringa av planen, utfyllande informasjon om nokre beredskapsforhold, samt rutinar for oppdatering og vedlikehald av planen. Den operative delen er eit praktisk hjelpemiddel til bruk under krise- eller beredskapssituasjonar, og gir føringar for handtering av kriser og ulykkeshendingar. Det vil no bli utarbeidd ein lokal tilpassing for tannhelsetenesta, som vil bli tema på regionmøter i 2017.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjon om fylkeskommunens rammeverk for beredskap og krisehandtering til orientering.</p>
20/2016	<p>Orientering - rekrutteringssituasjonen per desember 2016 Morten Larsen orienterte. Pga. den økonomiske situasjonen er det i praksis innført tilsetningsstopp 4. kvartal 2016. Utlyste stillingar vil bli ikkje bli bemanna før i 2017.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om rekrutteringssituasjon til orientering.</p>
21/2016	<p>Orientering - status i arbeidet med kompetanseklinikkar og planlagte klinikkutbetringar Rådgivar BYVE, Claus Reiners, orienterte om den vidare framdrifta i arbeidet med</p> <ul style="list-style-type: none"> • etablering av kompetanseklinikk i Ålesund (Leigekontrakt inngått) • kompetanseklinikk Kristiansund (funksjonsprogram) • DTK Fiskåbygd (rehabilitering/planløyising) • DTK Harøy (Sandøytunet) <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om arbeidet med kompetanseklinikkar og planlagte klinikkutbetringar til orientering.</p>
22/2016	<p>Orientering - nytt opplegg for styringsdialog mellom fylkestannlege - overtannlege - klinikkleiar Morten Larsen orienterte. Styringsdialogmøta vil finne stad i kvar kompetanseregion to gonger i året, i februar/mars og oktober/november. Møta er frå 2017 faste kontaktmøte mellom fylkestannlegen, overtannlegen og klinikkleiarane i regionen med fokus på mål, produksjon og resultat. Styringsdialogmøta gir rom for å ta opp strategiske utfordringar i tannhelsetenesta, så vel som aktuelle tema/utfordringar i den enkelte kompetanseregion. Møta gir også klinikkane høve til å ta opp saker i dialog med fylkestannlegen.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om nytt opplegg for styringsdialog til orientering.</p>
23/2016	<p>Møteplan SAMU-T 2017</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T godkjenner møteplana for 2015 med møte 21. mars (endra til 31. mars), 20. juni, 24. oktober, 12. desember.</p>
24/2016	<p>Open post (Ingen tema på dette møtet.)</p>